



Årsmelding

Skigruppa

Osterøy idrottslag

2016



MED I STYRET 2016

Björg Olaus Braathen Reigstad	Leiar	Valgt for 2016
Robert Skjerping	Nestleiar	Valgt for 2016-2017
Bernt Johan Flæsland	Kasserar	Valgt for 2015-2016
Herdis Helle	Skrivar	Valgt for 2015-2016
Øyvind Aasheim	Styremedlem	Valgt for 2015-2016
Torstein Mjelde	Styremedlem	Valgt for 2016-2017
Johnny Mostraum	Styremedlem	Valgt for 2015-2016
Emil Hosøy	Styremedlem	Valgt for 2016-2017
Åge Myking	Varamedlem	Valgt for 2016
Kari Austgulen Hestnes	Varamedlem	Valgt for 2016

VALNEMND

Marit Brakvatne Mjelde

Ann Marit Hammer

Rune Refsnes

STYRETS ARBEID

Styret har hatt 7 styremøte og handsamma 36 saker.

Eit møte vart halde i klubbhuset på Hatland, dei andre har vore haldne

i skihytta på Rolland. Det er alltid godt oppmøte.

Styret har hatt ein del styremøter mot lysløypeprosjektet på Rolland. Øyvind Litland har vore med i dette prosjektet. Øyvind har gitt tilbakemelding til styret om at gruppa som har arbeidd med lysløypeprosjektet ikkje fungerer godt nok. Det har vore vankeleg å få til interne møte og kommunikasjon. Dette pga reise og arbeidsfråvær for nokre av medlemane.

Styret har vedtatt at me ikkje ynsker å jobbe for snøproduksjonsanlegg på det noverande tidspunkt.

Styret har bestemt at det ynskjer å jobbe mot rulleskianlegg, men ser det ikkje som realistisk å få til eit slikt anlegg utan skikkeleg skogsveg opp mot skiarenaen. Dette på grunn av dei anleggsmaskinene som må opp i samband med etableringa og på grunn av offentlegrettslege krav om universell tilkomst.

Det har vorte arbeidd med parkeringsløyising ved lysløypa. Vi har ingen avtale lenger om bruk av parkeringsplass for skigruppa. Vi har fått brev frå Osterøy Entreprenør med varsel om at parkeringsplassen vår kan verte utan tilkomst pga føreståande byggjearbeid. Styret ynskjer at kommunen skal forhandla med grunneigar om grunnnerv / festekontrakt til ny parkeringsplass.

Øyvind Litland har henta inn pristilbod frå Multiconsult for prosjektering og byggjesøking. Det er dette selskapet som har utarbeid reguleringsplan for industrifeltet på Espevoll.

Representantar frå styret har delteke på møte i Hordaland skikrets.

Styret har organisert fleire inntektsgjevande dugnader i år.

-Opprigging / nedrigging av telt og vakthald på Osterøymarknaden i Lonevåg.

-Maling av Osterøyhallen.

-Maling av hus i Fotlandsvåg.

-Skigruppa arrangerte også i år krinssamling for juniorløparar / langrenn i Hordaland. Samlinga vart arrangert i juni og 25 utøvarar deltok. Overnatting på Danielsen ungdomsskule på Valestrand. Trenarar var våre eigne. Det vart lagt ned mykje dugnadsarbeid. Samlinga gav gode inntekter til gruppa og vi gav eit godt tilbod til juniorløparar i Hordaland skikrets. Vi fekk svært gode tilbakemeldingar både sportsleg, sosialt og på mat av ypperste klasse.

-Vi har også i år arrangert ei treningssamling, ei helg i mai for våre eigne utøvarar med sosial samankomst laurdag kveld. Svært godt frammøte og alt rundt samlinga føregjekk på Osterøy.

-Skibasaren vart i 2016 halden for sjette år på rad. Basaren var i november med førhåndsalg av lodd bøker 5-6 veker før sjølv basaren. Basaren vart arrangert av basargruppa / mødre i skigruppa. 2 medlemmar av gruppa er med i styret. Dette er den største dugnaden skigruppa har og den gjev svært gode inntekter til gruppa.

-Rulleskirenn, skigruppa arrangerte i august for første gang rulleskirenn. Rennet vart halde ein søndag med start og målgang i Haus sentrum. Mange positive tilbakemeldingar om eit godt arrangert renn og ein artig trasse. Styret ynskjer å vidareføre og vidareutvikle arrangementet.

Det har vore fleire laurdager utover høsten med dugnadsarbeid i lysløypa.

Styret har tett kontakt med trenarane, to er med i styret.

Bekledning, det er kjøpt inn nye Osterøyluer / panneband. Nye racingdresser er og kjøpt inn til dei som ynskte det. Vi har og arbeidd for å få kjøpt inn nye overtrekksdresser.

Emil representerer Hordaland skikrets i Ung i sporet som er eit underutval til langrennskomiteen i Norges skiforbund. Utvalet arbeider for å engasjere ungdommer til å ta verv og leiaransvar som trenarar, smørjarar og reiseleiarar på store og små arrangementer innan klubb, krins og forbund.

AKTIVITET / REKRUTERING

Skigruppa har ca 98 medlemmar.

Lysløypecupen vart arrangert 3 gonger. Avslutning / Premieutdeling for lysløypecupen vart arrangert ved skihytta på Rolland, her var også pølsegrilling, leik og moro. Alle får premie.

Det har vore rulleskitreningar kvar laurdag sidan mai og fjellturar på søndagar.

Barmarkstreningar i lysløypa frå hausten av, ekstra rulleskitreningar torsdag og styrketrening i Osterøyhallen kvar onsdag frå 13+.

Det har vore godt frammøte på treningane. Nokre få nye har byrja.

Vi hadde fleire utøvarar med på summarskiskule i Meråker.

Våre utøvarar deltek på krinssamlingar i Hordaland både for juniorar og 13-16 år.

På den årlege haustcampen på Voss for 12-16 år, hadde vi også deltakarar med.

Vi har hatt ein utøvar på Voss skigymnas.

Jonatan Gjerstad Skjerping, Elias Mostraum og Torjus Refsnes er tatt opp på NTG / GEILO si rekruttgruppe.

Eirik Brakvatne Mjelde, Lars Braathen Reigstad, Emil Hosøy, Johnny Mostraum og Torbjørn Småland er trenarar til skigruppa. Det er ei veldig bra trenargruppe og det er alltid fleire trenarar på trening, renn og treningsamlingar. Det skapar eit godt treningsmiljø.

Serviceteamet, Øivind Aasheim og Bernt Johan Flæsland er faste smørjarar. Dei stiller opp på kvart einaste renn i Hordaland. Dei fylgde løparane våre på Hovedlandsrennet. Dei er også med på nasjonale renn som smørjarar for Hordaland skikrins. Dei gjer ein fantastisk jobb og har svært høg kompetanse.

RESULTAT

Vi har deltakarar på alle renn som vert arrangert i Hordaland skikrins og er ein av klubbane som har fleist deltakarar med.

Vidare deltek vi med løparar på Norgescup for juniorar / seniorar og NM for juniorar / seniorar, samt på Hovedlandsrennet for 15-16 åringar. Vi har ikkje hatt nokon med på Ungdommens Holmenkollrenn denne perioden.

I KM var det også mange gode plasseringar utanom pallplasseringane.

Jonatan Gjerstad Skjerping representerte Hordaland skikrets på Ungdommens Holmenkollstafett for 15-16 åringar. Han vart tatt ut på beste resultat.

Vi hevdar oss i toppen i Hordaland skikrins.

5 utøvarar deltok under Blinkfestivalen i Sandnes.

Sigurd Braathen Reigstad har deltatt på FIS rulle ski verdenscup, og fekk fleire svært gode plasseringar der.

KRINSMEISTERSKAP

KM klassisk

Gutter 15 år	Torjus Refsnes	Sølv
--------------	----------------	------

KM friteknikk

Gutter 15 år	Torjus Refsnes	Gull
Gutter 15 år	Elias Mostraum	Sølv
Gutter 15 år	Håkon Bru Reigstad	Bronse
Menn 17 år	Anders Brakvatne Mjelde	Bronse
Menn senior	Torbjørn Småland	Sølv
Menn senior	Jozef Zygmuntowicz	Bronse

KM stafett

Gutter 13-16 år	Elias Mostraum Håkon Bru Reigstad Torjus Refsnes	SØLV
Menn junior	Anders Brakvatne Mjelde Henrik Austgulen Hestnes Yunus Reyhanoglu	BRONSE
Menn senior	Johnny Mostraum Torbjørn Småland Eirik Tvedt Aastvedt	GULL

Menn senior	Eirik Brakvatne Mjelde Jozef Zygmuntowicz Emil Hosøy	BRONSE
-------------	--	--------

KRETSCUPEN

Gutter 15 år	Jonatan Gjerstad Skjerping	Sølv
Gutter 15 år	Torjus Refsnes	Bronse
Menn 17 år	Anders Brakvatne Mjelde	Bronse

HOVEDLANDSRENNET

Hovedlandsrennet gikk på Fauske i Nordland, 3 utøvere representerte klubben. Dei leverte resultat det står respekt av. FLOTT INNSATS.

SPRINT

Gutter 15 år	Jonatan Gjerstad Skjerping	16
Gutter 15 år	Elias Mostraum	50
Gutter 15 år	Torjus Refsnes	84

KLASSISK DISTANSE

Gutter 15 år	Jonatan Gjerstad Skjerping	23
Gutter 15 år	Elias Mostraum	75

NORGESCUP JUNIOR STEINKJÆR

KLASSISK DISTANSE

Menn 17 år	Anders Brakvatne Mjelde	123
Menn 17 år	Yunus Reyhanoglu	177
Menn 19 / 20 år	Henrik Austgulen Hestnes	142
Menn 19 / 20 år	Sigurd Braathen Reigstad	152

KLASSISK SPRINT

Menn 17 år	Anders Brakvatne Mjelde	170
Menn 17 år	Yunus Reyhanoglu	186
Menn 19 / 20 år	Henrik Austgulen Hestnes	135

FRISTIL DISTANSE

Menn 17 år	Anders Brakvatne Mjelde	166
Menn 19 / 20 år	Henrik Austgulen Hestnes	151

NORGESCUP JUNIOR HOVDEN

KLASSISK DISTANSE

Menn 17 år	Anders Brakvatne Mjelde	149
Menn 19 / 20 år	Henrik Austgulen Hestnes	142

SPRINT,FRISTIL (NM)

Menn 17 år	Anders Brakvatne Mjelde	154
Menn 17 år	Yunus Reyhanoglu	177
Menn 19 / 20 år	Henrik Austgulen Hestnes	139

NORGESCUP JUNIOR / NM JUNIOR GÅSBU

KLASSISK , DISTANSE

Menn 17 år	Anders Brakvatne Mjelde	192
------------	-------------------------	-----

FRISTIL,DISTANSE

Menn 17 år	Anders Brakvatne Mjelde	213
------------	-------------------------	-----

NORGESCUP SENIOR /GÅLÅ

SPRINT / FRI

Øyvind Brakvatne Mjelde	111
-------------------------	-----

15 + 15 SKIBYTTE

Øyvind Brakvatne Mjelde	125
Eirik Tvedt Aastvedt	136

NM TROMSØ / SENIOR

15 KM KLASSISK

Øyvind Brakvatne Mjelde	101
-------------------------	-----

Øyvind Brakvatne Mjelde	104
-------------------------	-----

NORGESCUP / SENIOR LYGNA

15 KM FRITEKNIKK

Øyvind Brakvatne Mjelde	176
Eirik Tvedt Aastvedt	182

SPRINT KLASSISK

Øyvind Brakvatne Mjelde	76
Eirik Tvedt Aastvedt	95

NM SENIOR DEL 2 / BEITOSTØLEN

10 KM FRITEKNIKK

Eirik Tvedt Aastvedt	345
----------------------	-----

50 KM FRITEKNIKK

Eirik Tvedt Aastvedt	123
----------------------	-----

BLINKFESTIVALEN

Fleire utøvarar deltok på Blinkfestivalen i Sandnes. Her er Lyseboten opp inkludert, eit langløp i Sandnes området og sprint i Sandnes sentrum. Mange flotte resultat. I sprint blei Torjus Refsnes nr 2 og Jonatan Gjerstad Skjerping nr 8. Begge to var i finalen. Her er god konkurranse i alle klassar. GRATULERER.

FIS VERDENS CUP PÅ RULLESKI / JUNIOR

Sigurd Braathen Reigstad tok 4 verds cup sigarar i rulleski sprint. Dette er skigruppa sine første verds cup sigarar. Han deltok og i Allianseloppet i Sverige som er verdens største rulleskiarrangement. Der vart han nr 1 i sprint og nr 3 i motbakkeløp. GRATULERER.

INNTEKTER

Inntektene er som vanleg dei siste åra frå sponsorer, skiltreklame, draktreklame, stønad frå idrettsrådet til vedlikehald. Dugnader og ikkje minst den årlege skibasaren som mødrene til løparane driv. Vart arrangert for 6 gong i 2016. Ein stor takk til dei som er med både på sponsorsida og på dugnader.

Midlane frå idrettsrådet vert nytta til det dei er tiltenkt og er svært verdifulle for skigruppa.

Økonomien i skigruppa er god.

SLUTTORD

Styret vil med dette takke grunneigarar, sponsorar og andre samarbeidspatnarar for eit svært godt samarbeid i 2016. Dette medfører at vi kan gje alle som har interesse for langrenn, turgåing og rekreasjon eit godt produkt og tilbod heile året.

Styret vil også takke dei fem trenerane våre som gjer ein svært god og viktig jobb. TUSEN TAKK Eirik Brakvatne Mjelde, Lars Braathen Reigstad, Emil Hosøy, Johnny Mostraum og Torbjørn Småland.

Ein stor takk til serviceteamet vårt som gjer ein uvurderelig jobb for utøvarar / foreldre i skigruppa. Tusen takk Øyvind Aasheim og Bernt Johan Flæsland. De er heilt unike, og har en fantastisk kompetanse.

Løypekøyning vart i fjor utført med skigruppas eigen traktor med skjeldalsfres, Øyvind Litland, Bernt Johan Flæsland og Anders Flæsland var sjåførar. Anders Flæsland har også brukt mye tid på vedlikehald og reparering av traktoren vår. TUSEN TAKK Øyvind, Bernt Johan og Anders.

Osterøy IL / Skigruppa

Valestrandsfossen 14.02.17

Styret.